

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/5984-2

## **Revisorbrev 03 - 2016**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 03 – 2016 til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:
  - a. Få på plass gode rutinar som sikrar avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.
  - b. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.
  - c. Sikrar at rentene knytt til spelemidlar kjem inn på rett konto ved utgangen av året.
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. oktober 2016 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

#### Vedlegg:

- Revisorbrev 03 – 2016 frå SF revisjon IKS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet skal sjå til at dei tilhøve som revisjonen peikar på, etter forskrift om revisjon § 4, vert følgt opp av fylkeskommunen. Dette er nedfelt i forskrift om kontrollutval § 8.

Innhaldet i føresegna inneber ei plikt for kontrollutvalet til å sjå til at skriftlege påpeikingar frå revisor vert følgt opp.

SF revisjon IKS har sendt revisorbrev 03 – 2016 datert 5. juli 2016 til kontrollutvalet med kopi til fylkesrådmannen.

Det er i følgje ny rutine løpande nummerering av revisorbrev å år etter år. Førre brev hadde nummer 02 – 2015. Revisorbrevet som i dag er til handsaming har nummer 03 – 2016. Årstalet som vert brukt er det aktuelle utsendingsåret.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

SF revisjon IKS har gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald eller andre merknadar for rekneskapsåret 2015.

Revisor skriv i revisorbrev 03 - 2016 at dei med bakgrunn i revisjon av årsrekneskapen for 2015 inklusiv årsoppgjersrevisjon ser det som tenleg for fylkeskommunen, og i samsvar med god revisjonsskikk, å kome med ei oppsummering av dei feil og manglar revisjonen har avdekka, sjølv om dei forhold som vert tekne opp i brevet ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapet i sin heilskap, men som er av ein slik karakter eller storleik at leiinga i fylkeskommunen vert kjende med dei.

### Årsmelding 2015

Revisor peikar på avvik mellom konkrete presentasjonar i årsrapporten i forhold til tilsvarende presentasjon i årsrekneskapen utan at det er gjort greie for dette i årsrapporten. Revisor har påpeikt dette i fleire år. Kontrollutvalet har også teke med dette i uttalen til årsrekneskapen 2013. Det var ei forbetring i rekneskapen for 2014, men revisor pekar på at det framleis er forbettringspotensiale for måten å presentere desse tala på, og oppmodar administrasjonen om å presentere tala i årsrapporten i samsvar med årsrekneskapstala, som også er i tråd med «Forskrift om årsrekneskap og årsberetning» § 4.

### Revisorbrev 3 - 2016

SF revisjon har, i samband med årsoppgjersrevisjonen for 2015, følgt opp forhold som var tekne opp i Revisorbrev 2 - 2015. Dette gjeld:

- Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkane og dei vidaregåande skulane.
  - Revisor syner til revisorbrev tidlegare år der mangelfulle rutinar ved avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar har vore påpeika, og har ved gjennomgang av dokumentasjon av balansepostar pr. 31.12.2015 funne ein del mangelfulle avstemmingar. I tillegg avdekka revisor avvik og mangelfulle rutinar for teljing og oppfølging av kassene i kantine ved besøk på to vidaregåande skular i januar 2016. Revisor ser det som viktig at fylkeskommunen fortset arbeidet med forbetring av rutinane på dette området. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen
- Føring av anleggsregister
  - Revisor har, på bakgrunn av tidlegare års merknadar i revisorbrev angående anleggsregister, gjort ei ny vurdering. Det er gjort forbetringar, skriv revisor i brevet, men det er fortsatt noko igjen på tannhelsetenesta. Revisor rår fylkeskommunen til å fortsette arbeidet med å få til eit anleggsregister, som gjev tilstrekkeleg informasjon i samsvar med krava i rekneskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.
- Bundne fond og renter
  - Fylkeskommunen har ikkje ført renteinntekter på samla kr. 727 554 for spelemidlar inn på konto for desse midlane pr. 31.12.2015. Revisor oppfordrar fylkeskommunen å endre rutinar slik at rentene knytt til spelemidlar kjem inn på rett bankkonto ved årets slutt.

## **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å be fylkesrådmannen om å sette i gang naudsynte tiltak for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i Revisorbrev 03-2016.